



FORSKRIFT 28.04.20

OM GODTGJERSLE OG PERMISJONAR FOR FOLKEVALDE I SANDE KOMMUNE

Fastsett av Sande kommunestyre, 28.04.2020 med
heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner
(kommuneloven) §§ 8-3, 8-4, 8-6 og 8-10.

Forskrifta har heimel i Kommunelova §§ 8-3 «Dekning av utgifter og økonomisk tap», § 8-4 «Arbeidsgodtgjering», § 8-6 «Ettergodtgjering» og § 8-10 «Permisjonar». Paragrafane seier at kommunestyret sjølv skal gi forskrift om dekning av utgifter i samband med vervet, erstatning av inntektstap, godtgjersle for arbeidet som folkevald og ettergodtgjersle.

§ 1. FORMÅL

Forskrifta skal legge til rette for brei rekruttering til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordninar som gjer det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken.

§ 2. KVEN ER OMFATTA AV FORSKRIFTA

Forskrifta gjeld for folkevalde i Sande kommune.

Som folkevald vert rekna medlemmar av kommunestyret, formannskap, alle faste utval og komitear etter [§§ 5-1](#) og [5-2](#) i kommunelova og lovpålagde råd og utval. Reglane gjeld og varamedlemmar når dei gjer teneste som folkevald.

§ 3. KRAV PÅ FRI FRÅ ARBEID

I samsvar med [§ 8-2](#) i kommunelova har arbeidstakar krav på fri frå arbeid i den utstrekning dette er nødvendig på grunn av møteplikt i kommunale organ. Den folkevalde må sjølv syte for nærare avtale om dette med sin arbeidsgjevar.

§ 4. GODTGJERSLEGRUNNLAG OG –REGULERING

Kommunelova § 8-4 seier at folkevalde har krav på godtgjersle for sitt arbeid som folkevald. Godtgjersle for folkevalde i Sande kommune er definerte som ein del av

grunnbeløpet i folketrygda (G). Godtgjersla vert regulert prosentvis kvart år i samsvar med endringar i dette grunnbeløpet.

§ 5. GODTGJERSLE FOR ORDFØRAR M.M

§ 5.1 Fast årleg godtgjersle

Godtgjersle for ordførar i 90 % stilling er definert som ein del av grunnbeløpet i folketrygda (G). Godtgjersla vert regulert prosentvis kvar år i samsvar med endringar i dette grunnbeløpet. Endringane vert gjort gjeldande frå 1.1. året etter.

Ordføraren si godtgjersle skal til ei kvar tid utgjere 90 % av 8,8G.

Godtgjersla skal utbetalast med 1/12 kvar måned saman med lønsutbetalinga for administrativt tilsette (vanlege reglar for skattetrekk mv.). Godtgjersla gjev ikkje grunnlag for feriepengar.

Ordføraren får ikkje møtegodtgjersle eller refusjon for tapt arbeidsforteneste for å utføre kommunale ombod.

§ 5.2 Ferie

Ordførar har rett til fem veker ferie pr. år. Ordførar melder tida for ferieavviklinga til formannskapet.

§ 5.3 Sjukdom

Ved sjukdom har ordføraren rett til godtgjersle i 50 veker. Deretter skal formannskap/kommunestyre gjere naudsynte vedtak.

§ 5.4 Pensjonsordning

Ordføraren vert innmeldt i pensjonsordninga for folkevalde i 90 % stilling.

§ 5.5 Forsikringar

Ordføraren skal ha same forsikringsordning som kommunedirektøren.

§ 5.6 Etterløn

Ordførar får 1,5 mnd godtgjersle etter avslutta periode, dersom han/ho har permisjon frå fast stilling. Dersom ordførar ikkje har fast arbeid å gå attende til, får han/ho godtgjersle i 3 mnd. Ordførar som ikkje tek attval, og som har permisjon frå fast arbeid får ikkje ettergodtgjersle. Det vert føreset at avtroppande ordførar som får slik godtgjersle, stiller seg disponibel for kommunen i ettergodtgjersleperioden. Pensjonsrettane følgjer godtgjersletida.

§ 6. GODTGJERSLE FOR VARAORDFØRAR

§ 6.1 Fast årleg godtgjersle

Godtgjersla for varaordførar skal utgjere 18 % av 8,8G.

Godtgjersla skal utbetalast med 1/12 kvar måned saman med lønsutbetaling for administrativt tilsette (vanlege reglar for skattetrekk m.v.).

Varaordførar får i tillegg møtegodtgjersle for alle møter, og refusjon for tapt arbeidsforteneste ved innsending av dokumentasjon.

Godtgjersla gjev ikkje grunnlag for feriepengar.

§ 7. MØTE- OG LEIARGODTGJERSLE

Definisjon på møte som gjev rett til godtgjersle: *møter som den folkevalde vert innkalla til i egenskap av vervet sitt, samt møter og oppdrag som den folkevalde vert pålagt å delta i som representant for Sande kommune.*

§ 7.1 Møtegodtgjersle

Utvalsmedlemmer i hovudutval, kontrollutval, formannskap og kommunestyre: 0,054 % av 8,8G pr. møte.

Utvalsmedlemmer i andre utval: 0,040 % av 8,8G pr møte

§ 7.2 Leiargodtgjersler

Leiarane i begge hovudutvala, og kontrollutvalet har ei godtgjersle på 1,5% av 8,8G pr år.

Leiar i eldrerådet: 0,67 % av ordførarløna pr. år.

Leiar i ungdomsrådet: 0,67 % av ordførarløna pr. år

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne: 0,67 % av ordførarløna pr. år.

Faste medlemmar i formannskapet (utanom ordførar og varaordførar): 1,07 % av ordførarløna pr. år.

§ 7.3 Generelt for alle politiske utval

Deltaking i delar av møte

Frammøte i ei sak gir rett til halv godtgjersle. Varamedlemmar som er innkalla men ikkje vert nytta har rett på halv godtgjersle. Utover dette vert det ytt full møtegodtgjersle.

Synfaringar og andre pliktige oppmøte:

For synfaringar og andre pliktige oppmøte på andre dagar enn møtedagen, vert det betalt same møtegodtgjersle som for møtedagen. Utbetaling av leiargodtgjersle

Leiargodtgjersla vert utbetalt i si heilheit saman med anna møtegodtgjersle kvar haust.

Avkorting i årleg utbetalt godtgjersle

Dei som mottek fast årleg godtgjersle vert trekt 25 % i godtgjersla dersom fråværet utgjer meir enn ¼ av møta.

§ 8. DEKNING AV TAPT ARBEIDSFORTENESTE

I samsvar med [§ 8-3](#) i kommunelova har folkevalde rett på dekking av påførte utgifter og/eller tap i inntekt opp til eit visst beløp per dag. Førsetnaden for å krevje erstatning er at det ligg føre eit faktisk økonomisk tap.

Kravet om erstatning må dokumenterast.

§ 8.1 Refusjonsbeløp

Dokumentert tap av arbeidsinntekt vert dekt med inntil kr 1.000,- pr/time.

Udokumentert tap i arbeidsinntekt vert dekt med kr. 150,00 pr. time innanfor tidsromet 08.00 og kl 16.00

§ 8.2 Dokumentasjon

Lønsmottakarar

Lønsmottakarar som verte trekte i løn i samband med politisk verksemd må ha bekreftelse frå arbeidsgjevar v/lønsansvarleg i firmaet at vedkomande ikkje har fått løn dei timane ein har vore på møte. Bekreftelsen skal innehalde antal timar, timeløn og om timeløna er rekna med eller utan feriepengar. Ny bekreftelse må fylje med for kvar gong ein krev refusjon.

Sjølvstendig næringsdrivande

Sjølvstendig næringsdrivande skal leggje fram likningsattest over næringsinntekt for dei siste tre åra. Tap pr. dag vert utrekna etter gjennomsnittleg årsinntekt for dei siste tre åra, dividert på 230 dagar, og tap pr time er dagstap dividert med 7,5.

Deltidstilsette

Deltidstilsette som arbeider nokre heile dagar og har heilt fri andre dagar, får refusjon etter udokumentert tap dersom møtedagen fell på ein fridag (mellom kl 08.00 og kl 16.00)
Deltidstilsette som arbeider eit redusert timetal pr dag, får refusjon etter udokumentert tap dersom møtetida fell utanfor arbeidstida (mellom kl 0800 og kl 1600)

Arbeidstakarar med arbeidstid mellom 1600 og 0800 og turnusarbeidarar
Dersom møte fell på fridag som er ein kompensasjon som følgje av turnus eller forskjøve arbeidstid, vert det gjeve refusjon etter udokumentert tap.
Andre grupper

Grupper utan fast løna arbeid – heimeverande, studentar, pensjonistar m.m får refusjon etter satsen for udokumentert tap i arbeidsinntekt, når dei må forsømme sine ordinære gjeremål for å ivareta tillitsverv.

§ 9. DEKKING AV ANDRE UTGIFTER

Kommunelova [§ 8-3](#) gjev også folkevalde rett på dekking av utgifter i høve reiser og ev. andre utgifter på grunn av vervet.

§ 9.1 Reiseutgifter

Folkevalde får godtgjort utgifter til skyss, kost- og overnatting for reiser i høve vervet (pålagde møte, kurs, m.m.) etter det til ei kvar tid gjeldande reiseregulativet for kommunalt tilsette.

Innan kommunen godtgjer kommunen alltid ferjebillett og bil i den grad det er nødvendig eller tenleg. Det vert ikkje godtgjort berre for bil ved reiser under 4 km.

Utgifter som ikkje blir refundert etter faste satsar (ferje, buss, fly og liknande), skal dokumenterast gjennom vedlagte kvitteringar.

Skjema for reiserekning skal nyttast ved innsending av krav.

Ved møter utanfor kommuna skal møteinnkalling vedleggast reiserekninga, saman med billettar.

Ved møter innanfor kommune skal evt. billettar vedleggast reiserekninga.

Ikkje dokumenterte krav om reisegodtgjering vert rekna som lønsinntekt.

§ 9.2 Omsorgsutgifter m.m.

Ekstra og uunngåelege utgifter som den folkevalde får pga vervet, td utgifter til pass av born under 12 år, omsorg for funksjonshemma og eldre (pleietrengande) vert dekt med faktiske dokumenterte utgifter.

§ 9.3 Telefongodtgjersle

Ordførar får tildelt kommunal mobiltelefon.

Abonnementet vert teikna av rådmannen, som også er ansvarleg for innrapportering.

Skattlegging etter Skatteetaten sine satsar for dette.

Folkevalde elles kan etter søknad i særlege tilfeller få refusjon for utgifter ved bruk av eigen telefon som er nytta til utøving av ombodet.

§ 10. INNSENDING AV KRAV OM GODTGJERSLE, TAPT ARBEIDSFORTENESTE ELLER DEKNING AV UTGIFTER

Godtgjersle

I utval der det er fast sekretariat (administrativt) er sekretæren ansvarleg for å registrere info om frammøte.

I alle andre tilfelle har leiaren for utvalet eller den han pålegg dette ansvaret.

Registreringane skal meldast inn til Servicekontoret seinast 31. oktober, og utbetalinga skal normalt skje på novemberløna.

Tapt arbeidsforteneste m.m

Tapt arbeidsforteneste eller dekning av andre utgifter har den enkelte sjølv ansvar for å melde inn. Krav, samt nødvendig dokumentasjon skal leverast Servicekontoret innan 15.mars, 15. juni, 15. september og 15. desember, og utbetaling skal normalt skje i april, juli, oktober og januar.

Reiserekningar

Reiserekningar skal sendast inn til Servicekontoret innan 31.12.

§ 11. PERMISJONAR

Folkevalde som har eit tillitsverv som sin hovudbeskjeftigelse, har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15.

Søknad om permisjon vert avgjort av kommunestyret.

Under permisjonen beheld den folkevalde si godtgjersle i inntil to veker, med mindre han/ho gjev avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldre permisjon og ved barn eller barnepassars sin sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjeringa etter same reglar som gjeld for tilsvarende permisjonar for tilsette i kommunen.

§ 12. ULUKKES- /YRKESKADEFORSIKRING

Kommunale folkevalde er omfatta av ulukkes-/yrkesskedeforsikring som HouvdtariffavateIn § 11 pålegg kommunen. Forsikringa gjeld under utøving av vervet, samt på reise til og frå og under utøving av representasjonsplikter.

§ 13. TOLKING AV REGLEMENTET

Dersom det oppstår tvil i høve reglane i dette reglementet, vert spørsmålet avgjort av kommunedirektøren sjølv.

Avgjerda til kommunedirektøren kan påklagast til ei nemnd som består av dei politisk valde medlemmane i administrasjonsutvalet.

§ 14. VERKNADSTIDSPUNKT

Forskrifta trer i kraft frå 1. mai 2020